


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
FEBRUAR 2022**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00
Onsdag 14.00 – 18.00
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 15. februar kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 24. februar. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG**GRAFISK FORMGIVING:**

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



*Hei, gode
sambygdingar!*

Nå er det snart februar. Tru om det kjem snø snart? Det hadde vore kjekt om ungane kunne gå litt på ski før våren kryp fram.

Ting og tang rører på seg igjen

Detaljreguleringsplanen for nytt omsorgssenter er vedtatt i Formannskapet. Denne skal ein runde i Kommunestyre før prosessen går vidare. Vi gler oss til fortsetjinga, det er eit spennande prosjekt. Det går framover med stadionbygget også, prikken over «i»en på stadiontomta. Dette dekker dei siste behova der på ei stund.

Det går i strøm og slikt i nasjonale media. Godt at det kjem kompensasjon til husstandar og til landbruket. Men slik som dette kan ein ikkje ha det inn i framtida. Vi må ta tilbake kontrollen over krafta vår. Bedrifter slit med å kunna løfta inntektene sine i tråd med kostnadane. Strøm har vore Norges fremste konkurransefortrinn i generasjonar, dette må tas tak i!

Eg føler med bøndene i denne tida med aukte kostnadar på drivstoff, strøm, gjødsel, såvarer, plastikk og kraftfôr. Ja dei fleste kostnadane aukar mens inntektene står stilt, eller blir reduserte som mjølkeprisen. Det er ikkje bonden som bestemmer prisen på kjøtt og mjølk. Dette blir politisk styrt. Eg er likevel optimistisk for framtida. Stortingsfleirtallet er tydelige på at gapet må tettast. Dyrevelferd heng ofte saman med økonomi. Enkle grep som varme i golvet til smågrisen er ikkje eit krav, men eit eksempel på velferdstiltak for dyra våre. Slike eksemplar blir ofte skadelidande når kostnadane aukar. Dette heng saman. God kvalitet og god dyrevelferd er resultat av ein sunn økonomi for produsentane.

Det er nylig vedtatt 1. gangsbehandling på nytt areal for trafo v/Røysland industriområde. Det er viktig at bedrifter og aktørar i Bjerkeim har tilgang på kraft til tenestene sine. Det er i desse dagar også bra trykk på næringsområder på Røysland. Fleire aktørar kontaktar kommunen og ser på mulegheiter for å etablere seg og sin bedrift i Bjerkeim. Vi håper vi kan kome ut med nokre konkrete planer ganske snart. Dette vil skape arbeidsplassar som vi treng i bygda.

Regjeringa har opna opp for Regionvekstavtaler. Dette har ordførarane i Dalane diskutert og kome fram til at kan vere aktuelt for Dalane. Dalane treng fylkeskommune og stat med i større utviklingsprosjekt. Samarbeid i ein Regionvekstavtale kan truleg vere vegen å gå for å dele på kostander ved større og mindre samferdselsprosjekt, næringsutvikling eller andre prosjekt som gir Dalane fleire tilbod og mulegheiter enn vi har i dag. Vi vil prøve og kome i posisjon til å bli valt ut som ein pilot til eit slikt arbeid.

Så litt til Covid – Ja, «den er me leie» men den blir nok meir og meir ein del av samfunnet. Strategien for pandemien vert endra litt heile tida, det er venta at fleire kjem til å bli smitta av denne Omikron-varianten. Heldigvis viser vaksinerings at folk blir mindre sjuke. Eg er glad for at barn og unge får mulegheitene til å leve meir som normalt, både på skule, i barnehage og på fritida. Ta vaksinen – beskytt deg sjølv og familien rundt deg!

Vennleg helsing, Kjetil

FORSIDE: Dagsturhytta «Kaurebu», foto: Per Frode Sandal

POLITISKE MØTE:

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimeider:
www.bjerkreim.kommune.no

Fellesrådet:	Torsdag 3.02 kl 13.00
Gruppemøter:	Måndag 7.02 og 21.02 kl 19.00
Formannskap	Tysdag 8.02 kl 13.00 og 22.02 kl 19.00
Ungdomsrådet	Tysdag 8.02 kl 17.00
Levekårsutval:	Onsdag 9.02 kl 19.00
LMT-utval:	Onsdag 9.02 kl 19.00
Kontrollutval:	Måndag 14.02 kl 14.00
Kommunestyre:	Tysdag 15.02 kl 19.00

EVENTYRSTUND

Eventyrstund på biblioteket med Kari Tove mandager kl 17 fra og med februar.

BARNEHAGEOPPTAK 2022/2023

Du kan nå søke om plass i barnehagene i Bjerkreim. Nytt barnehageår starter 15. august. Søknadsfrist til hovedopptaket er 1. mars 2022. Søknader sendes elektronisk, se heimesida til kommunen under Barnehage, Opptak og frister.

TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadskjema finner du på kommunens hjemmeside under Skjema, kultur og fritid. Søknadsfrist 10. februar.

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2022

Årsavgift vatn	kr 4000
Årsavgift vatn m/måler	kr. 1750
Årsavgift vatn pr. m ³	kr. 9
Vassmålarleige	kr. 370
Årsavgift kloakk	kr. 5700
Årsavgift kloakk m/målar	kr. 2950
Årsavgift kloakk pr. 3	kr. 11
Feiing og tilsyn hus	kr. 270
Feiing og tilsyn hytte	kr. 280
Årsavgift avfall hus	kr. 3500
Årsavgift avfall hytte	kr. 1800
Tømming septiktank	kr. 3000

Til satsane kjem 25% moms

For fleire gebyr om oppmåling eller byggesaksbehandling ta kontakt med Bjerkreim kommune, Serviceavdelinga eller sjå kommunen si heimeside under fanen Priser og gebyr
LMT-avd.

UKM BJERKREIM 2022 SAMFUNNSHUSET, VIKESÅ. FREDAG 18. FEBRUAR KL 18.00 - CA 21.30

Bilde, musikk, sang, dans, band, teknisk, konferansier mm. Meld deg på og vis hva du kan!

Inntil 2 konferansierer, 4 sceneinnslag og 4 kunstverk kan gå vidare til fylkesmønstring i Sauda 22. - 24. april 2022. Ut fra smittesituasjon blir både lokalmønstring og fylkesmønstring vanlige forestillinger eller innspilling digitalt. De som fyller 13 år i 2021 og opp til 20 år kan komme til fylkesmønstring. Yngre deltakere er velkommen på lokalmønstringen.

Lurer du på noe, kan du kontakte Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.

Påmeldingsfrist 01.02.2022

Påmelding på www.ukm.no

DAGSTURHYTTA ER ÅPEN

Kaurebu dagsturhytte er endelig åpen og klar for besøk! Turen starter ved Holmen 45, 4387 Bjerkreim. I hytta kan du lese bok fra turbiblioteket og spise nistepakken din mens du nyter utsikten over Ørdsalsvatnet. Ta gjerne med deg litt fyringsved og varmt fottøy, siden skoene må stå igjen på utsiden. Foreløpig maks fire personer inne i hytta samtidig, med mindre dere er i samme kohort. Minner om at det ikke er lov å overnatte i hytta. PS: Den planlagte åpningsfesten 3. februar er dessverre utsatt på ubestemt tid grunnet koronasituasjonen. God tur!

ENDREDE KLOKKESLETT OG RUTINER FOR LØRDAGSBADING PGA SMITTEVERNRESTRIKSJONER

Bassenget på Vikeså kan fortsatt holde åpent lørdager, men med endrede åpningstider og strengere smitteverntiltak.

Nye åpningstider grunnet covid 19 og tømming av garderober mellom hver badegruppe:

Kl 09.30 – 10.15

Voksne over 18 år

(Garderobe fra 09.20)

Maks 10 personer

Kl 10.45 – 11.30

Voksne over 18 år

(Garderobe fra 10.35)

Maks 10 personer

Kl 12.00 – 12.45:

Familiebadning

(Garderobe fra 11.50)

Maks 15 personer

Kl 13.15 – 14.00:

Familiebadning

(Garderobe fra 13.05)

Maks 15 personer

Kl 14.30 – 15.15:

Familiebadning

(Garderobe fra 14.20)

Maks 15 personer

Lister blir lagt ut i gangen fra kl 09.30 for å reservere plass på de ulike gruppene. Gjelder også besøkende over 18 år.

Alle besøkende har selv ansvar for å overholde smitteverntiltak, og holde 1 meters avstand til andre badegjester. Det blir satt fram håndsprit i gangen, og smitteverntiltak blir hengt opp ved inngang til garderober. Ingen med symptomer på luftveisinfeksjon må møte opp.

Grunnet begrenset plass i garderober, må garderober tømmes og eventuelt rengjøres mellom hver badegruppe. Oppfordrer derfor alle besøkende til å være så raske som mulig i garderoben, bruk helst ikke mer enn 10 minutter. Forlat eventuelt bassenget litt tidligere dersom de trenger mer tid i dusjen.

Antall besøkende pr badegruppe er satt av kommunelegen, og er absolutt.

Ha et godt bad!



MÅNEDENS SANG FEBRUAR:

BARE SÅ DU VETT DET

*(Stavangerkameratene.
Foreslått av Vikeså Skule)*

Du løfta meg opp
Eg komme aldri te å glømma det
Du gjørr livet mitt godt
Det' ingen vits å takka Gud for det

Og når dagen e grå
Så male du himmelen blå
Og når eg tabbe meg ud
Så klare du alltid å få ting te å snu

Hadde alle her i verden vært
Så deg hadde ting vært bra
Det e sånne sånne så deg
Denne kloden burde ha

Eg seie bare så du vett det
Eg har så sinnsykt sans for deg
Du e engel, du e god som gull
Ja, bare så du vett det

Nei, du gir aldri opp
Eg e sinnsykt takknemlig for det
Og når eg tror du har fått nok
E eg ennå te å leva med

Du e så deilige og flotte
Kan takka mor di og far din for det
Og når eg miste motet
Så får du alltid meg te 'le

Hadde alle her i verden vært så deg
hadde ting vært bra
Det e sånne sånne så deg denne
kloden burde ha

Eg seie bare så du vett det
Eg har så sinnsykt sans for deg
Du e engel, du e god som gull
Ja, bare så du vett det
Men kossen kan eg sei det
For eg digge deg, eg digge jo deg
Men det' ein ting eg lure på
Ka du syns om meg

Eg seie bare så du vett det
Eg har så sinnsykt sans for deg
Du e engel, du e god som gull
Ja, bare så du vett det
Men kossen kan eg sei det
For eg digge deg, eg digge jo deg
Men det' ein ting eg lure på
Ka du syns om meg



FRISKUS AKTIVITETSKALENDER

Snart vil alt av fritidsaktiviteter, arrangementer og frivillige oppdrag samles på www.bjerkreim.friskus.com. Friskus er en nettside som gir en enkel og ryddig oversikt over alle lag, foreninger og andre som arrangerer aktiviteter i Bjerkeim. Målet med Friskus er å forenkle prosessen med å finne og delta i meningsfylte aktiviteter og frivillige oppdrag. Gratis opplæring vil bli gitt til alle som vil arrangere aktiviteter/arrangementer og synliggjøre seg på Friskus. For opplæring eller spørsmål, ta kontakt med frivillighet- og folkehelsekoordinator Line Pettersen på 95863277.

SKOGDAG

Tid: lørdag 5.februar, kl 10-14.

Sted: Berse hos Livar Fuglestad.

Skogbrukssjefen kommer og informerer. Eik Senter, ETA Norge, Sigmundsen Transport, Bjerkreim Hage og Graveservice kommer også. Det blir demonstrasjoner av ulike maskiner, flisovn, flishogging og rydding av einer bl.a.

Stian fra Nortura kommer og griller litt pølser til oss.

Håper å se deg/dere denne dagen. Vi blir ute så kle dere etter forholdene. Det tas hensyn til de koronarestriksjoner som er gjeldende på det aktuelle tidspunktet.

Arr: Bjerkreim Bondelag og Bjerkreim Skogeigarlag.

BONDEKAFÈ

Tirsdag 15. februar kl.19.30.

Sted: Litlesalen på samfunnshuset.

Tema for kvelden er jordbruksforhandlingane og vi får besøk av Arthur Salte. Enkel servering.

Vi tar forbehold om gjeldene korona restriksjoner på det aktuelle tidspunktet.

Arr. Bjerkreim Bondelag

STRIKKEVELD

Tid: 8. februar kl 19.00.

Sted: På Samfunnshuset, Lionsrommet i underetasjen.

Åpent for alle.

Arr: Bjerkreim Bygdekvinnelag

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 2. februar. Byvandring i Egersund v/Johan Åkre, avreise kl 10.00 fra Esso, Vikeså.

Oppmøte bak Egersund kirke.

Arr. Fellerrådet for eldre og funksjonshemma

BJERKREIM PENSJONISTLAG

Årsmøte 24. februar kl. 14.00 til 17.00 i Litlesalen på samfunnshuset.

Gamle og nye medlemmer frå Bjerkreim og nabokommunane er velkomne.

Program:

- Årsmøtesaker.
- Innlegg ved Erik de Beer, Bjerkreim Apotek
- God mat, inngangspengar kr. 50
- Underholdning, loddsal med meir.
- Nye medlemmer kan teiknast på årsmøtet, alle over 60 er velkomne.

Me satsar på at korona ikkje stoppar oss. Takk til SR-bank for sponing av husleiga.

UTSETT ÅRSMØTE

Ættesogelaget utset årsmøte til ein kan ha møte utan særlege smittevern.

BJERKREIMSQUIZEN

Startar opp att når 1-meters regelen vert oppheva!

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.

Kontakt Inghjorg Vassbø, tlf. 486 03 535

OFFERVEKE FOR NMS

På Bjerkreim bedehus 17.-20. februar Torsdag fredag og søndag kl. 19.30.

Talar Sverre Jakobsen torsdag og fredag.

Talar: Åsmund Steinnes laurdag og søndag.

Liv Valbjørg og Synnøve syng fredag.

NB: Laurdag kl. 18.00, byrjar med kveldsmat. Sjå eigen plakat.

Velkomen !

SØNDAGSSAMLING

LYS OVER LAND sin nye kretssekretær; Odd Eivind Høyvik talar på Søndagssamling på Vikeså Misjonshus søndag 6. februar kl.11.00 Misjonsinformasjon og kollekt.

VIKESÅ MISJONSHUS FEBRUAR:

- 02. kl 20.00 Bønnesamvær
- 03. kl 19.30 Møte NLM , J.Trodal
- 04. kl 20.00 Fredagsklubben
- 06. kl 10.30/11.00 Søndagssamling og søndagsskule
- 07. Kl 19.00 Yngres og Korvetten
- 09. kl 14.00 Bingo Helselaget
- 09. kl 19.30 Samtalemøte
- 10. kl 19.30 Møte NLM, J.Trodal
- 15. kl 19.30 Logos
- 21. kl 19.00 Yngres og Korvetten
- 22. kl 19.30 Årsmøte Misjonshuset
- 25. kl 20.00 Fredagsklubben
- 27. kl 10.30/11.00 Søndagssamling og søndagsskule.

«Koronareglane» vil avgjera kor vidt desse møta kan haldast eller ikkje.

BJERKREIM BEDEHUS FEBRUAR

- 7. kl. 19.00 Yngres
 - 11. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff
 - 13. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM kl. 11.20 Søndagsskule
 - 14. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
 - 15. kl. 19.30 Logos
 - 17. kl. 19.30 Møte NMS
 - 18. kl. 19.30 Møte NMS
 - 19. kl. 18.00 Lørdagskveld med kveldsmat
 - kl. 18.45 Møte NMS med barnesamling
 - 20. kl. 19.30 Møte NMS
 - 21. kl. 19.00 Yngres
 - 28. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- Følg med på plakatar og nettside, smitteverntiltaka kan bli endra.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Velkommen til uformelt treff på lærerrommet på Vikeså småskole, onsdag 9. februar, kl. 18.30-20.30. (I forhold til smittesituasjonen; følg med på kvinnegruppen på Facebook.)



VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

(endringar kan koma sjå: bjerkreimkyrkja.no, Facebook-sida eller fredagar i Dalane Tidende)

Sundag 6. februar
IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 13. februar kl. 11.00.
Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

Sundag 20. februar kl. 11.00.
Gospelmesse i Bjerkreim kyrkje.
Soknets årsmøte etter gudstenesta

Sundag 27. februar
IKKJE gudsteneste i soknet

DØYPTE:

16.01.22
Håkon Skjæveland Klungland

DØDE:

18.12.21 Hans Slyk
31.12.21 Egil Slettebø
05.01.22 Oddmund Brundtland
12.01.22
Leonora Karina Sundstøl Slogvik

SOKNEÅRSMØTE FOR 2021

Dette vert i Bjerkreim kyrkje etter gudstenesta 20. februar, ca kl 12.30.

Tema: Årsmelding, hovudtrendar i statistikken, samtale om arbeidet og høve til innspel og spørsmål.

NÅDE

Det latinske ordet for nåde er «gratia». Av det ordet har me på norsk mellom anna fått ordet «gratis». Og ekte nåde *er gratis!*

Det vert fortalt ei historie om Aleksander den store, han som «erobra heile verda». På mange måtar var han den største på si tid. Så seies det at han ei gong tala med filosofen Diogenes. Og Aleksander vert imponert over svara filosofen gav han. I takksemd tilbyr han filosofen å be han om kva han vil, og han skal få det. Diogenes bad då om evig liv. «Nei, det kan eg ikkje gje deg, det er ikkje opp til meg å kunne gje deg

det» svara Aleksander. «Ikkje det?» repliserte filosofen, «men kvifor bruker Aleksander då så mykje krefter på å leggja heile verda under seg? Skal du ikkje sikre deg eit einaste augneblink til å nyte det?»

I livet så kjempar me for alt muleg: skulegang, løn, eit godt ry og mykje anna. Aleksander ville «erobra heile verda». Men i den evige samanhengen er det ikkje oss det kjem an på. Berre Jesus. Ja, trua og æva kan berre gjevast oss gratis. For det heile kvilar på det Jesus gjorde for oss då han døydde og stod opp igjen.

Tenk så fantastisk! Les gjerne Ef 2, 8.

KVEIK

I samarbeid med kommunen vil vi starte opp med inspirasjonssamlinger annenhver måned. Samlingene er åpne for alle. Målet er gi inspirasjon og livsgnist ved å presentere kunnskap om et nytt tema for hver gang. Tema vil variere alt fra «hvordan lage en god kopp med kaffe» til «hvordan fyre opp et bål på tur» eller «hvordan organisere hverdagen». Ta kontakt med diakon om du har innspill til tema, forslag til seminarholdere eller om du har spørsmål. Første samling blir *en onsdag i midten av mars*. Mer info kommer!



KODE B

6.klassingar som har fått bibel får også tilbud om bibelvandringskurs (kode B). Oppstart er 24. februar kl 18.00 på Vikeså Misjonshus. Då vil det bli kveldsmat, ein introduksjon + meir info om resten av kurset. Dersom du ikkje var i kyrkja og fekk bibel, kan du melde deg på likevel å få bibelen på første samling.

GÅVE TIL TRUSOPPLÆRINGA

Soknerådet takkar for alle gåver til arbeidet for barn og unge. Dersom du vil gje gåve, er vi takksame for det. Pengane kan overførast til konto 3344.07.11257.

Det er skattefrådrag for gåver til kyrkja. Vilåret er at beløpet er på minst 500 kr i året og at avtale blir inngått. Meir informasjon finn du på www.bjerkreimkyrkja.no eller tlf 51201198 (kyrkjeverja).

KORONAREGLAR I KYRKJA

Kyrkja i Bjerkreim fyljer lokale og sentrale styresmakter sine råd og rettleiingar. Ved siste endring av reglane, midt i januar, vart det opna for at 200 personar kan delta på offentlege arrangement. Det er krav til at deltakarane kan ha ein meters avstand dersom dei ikkje er i same husstand.

Det vert stilt krav til oss som arrangør av gudstenester at vi veit kven som har deltatt og kvar dei har sitte. Difor blir deltakarane bedt om enten å registrere seg via ein QR-kode som heng godt synleg i kyrkja, eller skrive namn, telefonnummer og benkerad på ein lapp som ligg utdelt i benkeradene. Denne registreringa vert sletta/ makulert to veker etter gudstenesta.

Det er òg p.t. krav til bruk av munnbind når ein går inn/ut av kyrkja. I praksis sit dei fleste med munnbind under heile gudstenesta.

Denne praksisten kan bli endra på kort varsel om det kjem nye sentrale reglar.

INNOVASJON NORGE - SØKNADER OM TILSKOT

Strategien for bruk av den årlege potten med tilskots-midlar vert utarbeidd av Statsforvaltaren, Fylkes-kommunen, INR og faglag i Rogaland. Endelege retningslinjer for 2022 er klare uti februar. Foreløpige prioriteringar er:

1. Mjølkefjøs inntil 30 ku-liggjebåsar
2. Frukt- og grøntlager
3. Gjødse- og førlager; dette tek dei fortløpande
4. Landbruksbasert næringsutvikling
5. Generasjonsskifte til mindre investeringar - tas dessverre til slutt

TILSKOT TIL GJØDSELLAGER

Fram til no har ein fått eit tilskot på inntil 20 % av kostnadsoverslaget, maks 100.000 kr. Frå 2022 bestemte partane i jordbruksavtalen at tilskotsprosenten kunne aukast til 25, og maks løyving på 200.000 kr. Ein kostnad for lageret på 800.000 kr, kan gje maksimalt tilskot.

I slutten av desember mottok vi 2 søknader om tilskot til bygging av gjødselkummar. Desse sakene vart innvilga av INR den 10. januar, med maks tilskots %.

Her er link til søknadsskjema: <https://www.innovasjon norge.no/no/tjenester/landbruk/finansiering-for-landbruket/tradisjonelt-landbruk/>

Kravet til søknaden er at du etter utvidinga av gjødsellageret, må ha ein kapasitet på minst 10 månaders lagring av husdyrgjødsla til dagens buskap etter søknadene om produksjonstilskot. Det kan gjevast tilskot inntil 12 månaders kapasitet.

Dersom du lurer på kor mykje du må auka lagerkapasiteten for å tilfredsstilla kravet til 10 månaders lagring, send e-post til gerdse@bjerkreim.kommune.no og få eit rekneark tilsendt.

No har staten opna opp for at ein kan gje tilskot gjennom SMIL-ordninga til tak på gjødselkummar, for å redusera luftforureininga. Denne ordninga er det kommunane som fattar vedtak i, og i Bjerkreim har vi lagt oss på ein tilskotsprosent på 20 til dette tiltaket.

Dersom du har lyst å få besøk av Innovasjon Norge ism planlegging av nytt/ombygging til lausdriftsfjøs, er det fint om vi får beskjed slik at vi kan melda dette inn til dei. Då vil INR prøva og koordinera besøksdagar på fleire gardsbruk i Bjerkreim/Dalane.

* Fornybar energi i landbruket

Har du planar om å bygga anlegg for produksjon av fornybar energi? Då kan du søkja om tilskot til investeringar, utgreiing og kompetansetiltak.

Her er link til meir informasjon: <https://www.innovasjon norge.no/no/tjenester/landbruk/finansiering-for-landbruket/fornybar-energi-i-landbruket/>

NYE KORONA-MIDLAR TIL FORDELING TIL LOKALE VERKSEMDER

Stortinget vedtok 21. desember å løyva nye 500 millionar kr til kommunane, med tilskot gjennom Kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter. Dette var den sjette, men kanskje ikkje siste tilskotsrunden. Bjerkreim kommune fekk midlar ved første og andre runde, med eit samla beløp på 506.082 kr, som LMT-utvalet tildelte med ulike beløp til 8 firma i sitt møte 16.06.21.

Kommunal- og distriktsdepartementet har fordelt den siste rammen, der alle kommunane har fått 250.000 kr i grunnbeløp. Resten er fordelt etter antal tilsette i **serverings- og overnattingsverksemdar og reise-arrangørar**. Dette då målet med ordninga er å avhjelpa situasjonen i kommunar med næringsliv som igjen vert ramma av nye smitteverntiltak, og då har desse næringane vore spesielt utsette. Bjerkreim kommune har ut frå dette fått **337.000 kr**.

Målet med tilskotet er at kommunane skal kunna avhjelpa situasjonen for lokale verksemdar for å oppretthalda arbeidsplassar og viktig kompetanse i bedrifter. Dette gjeld særleg støtte som kompenserer for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging dei 3 siste månadene. Kommunane har høve til å tilpassa støtta ut frå den lokale situasjonen. LMT-utvalet skal i sitt møte den 9. februar, vedta våre kriterier for kva verksemdar vi primært vil prioritera desse midlane til. Dette vil så verta marknadsført på kommunen si heimesida og facebook kort tid etter dette møtet. Søknad må sendast i løpet av 2-3 veker etter annonsering, og det må nyttast det elektroniske søknadsskjemaet på www.regionalforvaltning.no Søkjar må leggja ved dokumentasjon på auka kostnader eller tap/redusert omsetning samanlikna med t.d. dei same månadene i 2019, som følgje av smitteverntiltak eller nedstenging.

INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim



PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk
Lokaler med særpreg:
Årsmålsdager, events, konserter.
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



INFORMASJON

Gitar og Handverk DA

Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

Når du trenger fotograf, innramming eller hjelp til noe fotorelatert...
Vi benytter alt fra 120 år gamle kamera til dagens moderne digitale løsninger.



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på hanmedhattenfoto

Les av med mobilkamera

Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop
byggmix

EXTRA

coop
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-22.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Eigersund
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



ESSO

VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!